



Arkivnr: 2016/35026-15

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		28.11.2018
Fylkesutvalet		06.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

## Kvinnheradpakken - delvis bompengefinansiering og fylkeskommunalt bidrag

### Samandrag

Kvinnherad kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har over lengre tid arbeidd fram eit forslag til ei større samferdselssatsing på fylkesvegane i Kvinnherad. Det var frå starten tenkt eit spleiselag med kommunale midlar, fylkeskommunale midlar, rassikringsmidlar, kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift og bompengar. Ettersom bompengar er ei av finansieringskjeldene må det utarbeidast ein søknad om delvis bompengefinansiering som krev behandling i Stortinget. Den totale fylkesvegsatsinga er rekna til 836 mill kr (2018-kr) inklusive mva, og består av:

- Ein pakke med delvis bompengefinansiering på 746 mill kr.
- Prosjekt utanom Kvinnheradpakken som er alt ferdige eller under bygging til omlag 90 mill kr.

Prosjekta i samferdselssatsinga består av kollektivtiltak, trafikksikringstiltak, etablering av gang- og sykkelveg, vegutbetring, rassikring, betring av framkome og planlegging av framtidige samferdselsprosjekt i Kvinnherad kommune.

**Økonomi:** Til samferdselssatsinga i Kvinnherad er det foreslått eit fylkeskommunalt bidrag på 90 mill kr for perioden. I tillegg kjem mva.kompensasjon rekna til 129 mill kr og statlege skredsikringsmidlar på 307 mill kr (alle beløp i 2018-kr).

**Klima:** Vegbygging vil gje høgare utslepp i anleggsfasen.

**Folkehelse:** Betre trafikktryggleik og rassikring er positivt for liv og helse.

**Regional planstrategi:** Ingen konflikt.

**Forslag til innstilling:**

1. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for finansiering av Kvinnheradpakken slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen Region vest datert 02.10.2018.
2. Fylkestinget går inn for at Kvinnheradpakken vert delvis finansiert med bompengar. Det er lagt til grunn ei portefølje med eit investeringsbehov på om lag 746 mill. 2018-kr. Følgjande finansieringsplan er lagt til grunn for Kvinnheradpakken:

<b>Finansieringskjelde:</b>	Mill. 2018-kr
Kommunale midlar	75
Fylkeskommunale midlar	199
Fylkeskommunale skredsikringsmidlar	307
Bompengar	165
<b>Sum</b>	<b>746</b>

Bompengebidraget vert endeleg fastsett etter ekstern kvalitetssikring (KS2) av pakken.

Fylkestinget sluttar seg til at det fylkeskommunale bidraget vert sett til 90 mill kr til samferdsels-satsinga i Kvinnherad. I tillegg kjem meirverdikompensasjon og rassikringsmidlar.

3. Fylkestinget legg til grunn at Kvinnheradpakken vert porteføljestyrt og at omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma.

Det vert lagt til grunn at utbygginga skjer i 2018–2023

4. Innkrevjinga skal skje på ferjesambanda; Gjermundshamn/Varaldsøy – Årsnes, Utåker – Matre/Skånevik og Ranavik – Skjersholmane. Det vert ikkje kravd inn bompengar på strekningane Varaldsøy – Gjermundshamn og Matre – Skånevik.

Det vert lagt til grunn ein gjennomsnittleg inntekt pr. passering (gjennomsnittstakst) på 35-43 2018-kr.

5. Bompengetakstane vil bli fastsett ut frå den strukturen for innkrevjing av bompengar på ferje som gjeld ved start av innkrevjinga. Endeleg takst- og rabattsystem inkl. betaling av bompengar for nullutsleppskøyretøy, skal leggst fram for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevjinga tek til.
6. Gjennomsnittstaksten skal prisjusterast med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til bompengeinnkrevjinga startar. Deretter skal SSB sin konsumprisindeks nyttast.
7. Bompengeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart på ferjestrekninga Årsnes - Gjermundshamn og Utåker - Skånevik, etter planen i 2020. Innkrevjinga på ferjestrekninga Ranavik - Skjersholmane vil etter planen starte i 2023 og skal avsluttast samtidig med innkrevjinga på dei to andre strekningane.
8. Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementets godkjenning, garanterer Hordaland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompenge-selskapet, avgrensa til 173 mill. kr for heile Kvinnheradpakken, med tillegg av 10 pst. av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 191 mill. kr. Garantien vert gitt med pant i bompenge-selskapet sin rett til å krevje inn bompengar.

9. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 20 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i forbindelse med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantistens utlegg kan dekkast gjennom ein auke av gjennomsnittstaksten med inntil 20 pst. og ein forlenging av bompengerperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og redusert i takt med nedbetalinga av lån. Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.
10. Det vert lagt til grunn at ansvaret for innkrevjing og delfinansiering av Kvinnheradpakken med bompengar skal leggest inn i det regionale bompengeselskapet Ferde AS i tråd med den nye organiseringa i bompengesektoren.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 09.11.2018

Kvinnherad kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har over lengre tid arbeidd fram eit forslag til ei større samferdselssatsing på fylkesvegane i Kvinnherad. Det var frå starten tenkt eit spleiselag med kommunale midlar, fylkeskommunale midlar, rassikringsmidlar, kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift og bompengar. Ettersom bompengar er ei av finansieringskjeldene skal det utarbeidast ein søknad om delvis bompengefinansiering som krev behandling i Stortinget.

Dette opplegget som blir lagt fram for fylkestinget no, har vore kvalitetssikra av Vegdirektoratet i fleire omgangar. Vidare har Kvinnherad kommune godkjent opplegget i kommunestyremøtet 25.10.18. Det er sendt til kommunane Etne og Stord for uttale.

Samferdssatsinga i Kvinnherad er todelt:

- Ein pakke med delvis bompengefinansiering 746 mill kr. – sjå under
- Dei prosjekta som er alt ferdige eller under bygging utgjer omlag 90 mill kr, og er utanom pakken om delvis bompengefinansiering.

Den totale samferdselssatsinga i Kvinnherad er rekna til 836 mill kr (2018-kr) inklusive mva.

Dokument i saka

Statens vegvesen sende over til Hordaland fylkeskommune følgjande dokument den 07.11.18:

- «Sak om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken - oversending til fylkeskommunal behandling» der det vert gjort greie for opplegg med bompengefinansiering (vedlegg 1)
- «Kvinnheradpakken – fagleg grunnlag for delfinansiering med bompengar» (datert 07.10.2018) med omtale av lokalpolitiske vedtak, prosjekta og bompengeopplegget (vedlegg 2)
- «Kvinnheradpakken – utvida omtale av Kvinnheradpakken» (datert 02.10.2018) med lokalpolitiske vedtak og utvida omtale av prosjekta (vedlegg 3)

Lokalpolitiske vedtak:

- Kvinnherad kommune godkjende opplegget i kommunestyremøte 25.10.18 (vedlegg 4)
- Stord kommune: høyringsuttale frå formannskapet 07 11.18 (vedlegg 5)

## Tidlegare fylkestingshandsaming – sak 16/2017

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak den 7. mars 2017:

1. *Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusiv mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader. Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.*
2. *Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.*
3. *Fylkestinget godkjenner forskotteringsøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringa er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter. Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.*

**Status her:** Fv 48 Lundssvingane er ferdig og vart offisielt opna i juni i år. Rosendal kai/kollektivknutepunkt er delvis ferdig, og venterom mv. vil stå ferdig våren 2019. Kvinnherad kommune er byggherre for tiltaka. Desse tiltaka, samt kollektivtiltak på Husnes, går utanom pakken om delvis bompengefinansiering.

Hordaland fylkeskommune har betalt 10 millionar kroner til Kvinnherad kommune i 2017 og 2018, og er altså første del av det totale fylkeskommunale bidraget til Kvinnheradpakken/-satsinga.

## Bompengeopplegg – vurderingar

Det har vore mykje arbeid med utrekningar av bompengeopplegget. Heilt frå starten var det lagt til grunn innkrevjing på ferjene til og i Kvinnherad. Ettersom det skal innførast Autopass for ferjer i 2020, har ein vurdert dagens ordning (Riksregulativet for ferjer) mot den nye Autopassordninga (sjå under).

Statens vegvesen utdjupar dette i vedlegg 1.

Både Kvinnherad kommune og Vegdirektoratet har bedt Statens vegvesen om å utgreia alternativt opplegg med bompengeinnkrevjing på land. Dette vil vera meir i tråd med nytteprinsippet; at dei som betalar bompengar skal ha nytte av tiltaka, og at dei som har nytte av tiltaka, skal betala. Statens vegvesen meiner at for å ivareta nytteprinsippet bør det vera fem bomstasjonar, og skriv:

*Etablering og drift av bomstasjonar er vesentleg meir kostbart enn innkrevjing på ferje. Innkrevjing i ein bomstasjon kostar i dag mellom 50-60 mill. kr over 15 år. Dermed varierer innkrevjingskostnadane frå om lag 120 til 300 mill. kr i dei ulike bompengeopplegga det er rekna på. Årsaka er at automatisk innkrevjing i bomstasjonar vil medføre høgare fakturakostnadar for bompenge-selskapet. I tillegg kjem det kostnadar til investering, drift og vedlikehald av stasjonane, som ein må finansiere med bompengane.*

*Til samanlikning reknar ein med at innkrevjing på alle ferjestrekningane vil koste om lag 8 mill. kr i løpet av 15 år. Dette fordi det ikkje kostar ferjeoperatørane mykje å krevje inn bompengeavgift over den same billetten som ferjetaksten, for å i etterkant skilje ut inntektene frå bompengeavgifta.*

Utgreiinga viser at bomstasjonar vil i denne pakken med forholdsvis låg trafikk, vil gje **svært høge** administrasjonskostnader. Ingen av partane tilrår dette alternativet, alle partar ønskjer såleis innkrevjing på ferjene, sjølv om dette ikkje oppfyller nytteprinsippet like godt.

## Innkrevjing på ferje – prosess – lokalpolitisk handsaming

Viser til brevet frå Statens vegvesen datert 8.november (vedlegg 1), der det m.a. går fram at grunnlaget er sendt til behandling i Kvinnherad kommune, og til Etne og Stord kommunar til uttale.

**Kvinnherad kommune** slutta seg til det faglege grunnlaget i sak 74/2018 (vedlegg 4, side 11-12).

**Stord kommune** – høringsuttale i formannskapet 07.11.18 (vedlegg 5):

Kommunen har nokre konkrete kommentarar i saka:

- Toftebrekka: Prosjektet er omtalt i denne saka under omtale av prosjekta, prioritet 6.
- Reisande til/frå Odda og Jondal betalar ikkje bompengar: I den grad dei tar ei av ferjene, vil dei betala bompengar. Bompengeinnkrevjing på land er også drøfta i saka, og spesielt i utgreiinga til Statens vegvesen. Der går det fram at eit slikt opplegg blir uforholdsmessig dyrt.
- Det går også fram i denne saka at innkrevjing på ferjesambandet Ranavik – Skjersholmane først blir sett i verk når innkrevjing i Halsnøysambandet er avslutta.

Etter fylkeskommunal handsaming vil vedtaka danna grunnlag for forslag til stortingsproposisjon som vert sendt over til Samferdselsdepartementet. Saka skal gjennom ekstern kvalitetssikring (KS2) før den kan leggjast fram for Stortinget.

Endelege takstar vil bli lagt fram som eiga lokalpolitisk sak etter Stortinget har godkjent søknaden.

## **Innkrevjing på ferje – forslaget frå Statens vegvesen**

Det er i dag bompengar på Halsnøysambandet og på ferja Årsnes – Varaldsøy –Gjermundshamn i Kvinnherad. Når desse er nedbetalt er det planlagt å starta innkrevjing gjennom Kvinnheradpakken. Statens vegvesen foreslår innkrevjing på dei største sambanda til og i Kvinnherad:

- Fv. 544/E39 Ranavik – Skjersholmane
- Fv. 48 Gjermundshamn – Årsnes
- Fv. 48 Varaldsøy – Årsnes
- Fv. 48 Skånevik – Utåker
- Fv. 48 Matre – Utåker

## **Bompengepåslag etter AutoPASS-regulativet**

Med ein gjennomsnittstakst på 35 til 43 kr legg ein til grunn eit takstsonepåslag frå 6-7 takstsoner etter 2018-prisar etter AutoPASS-regulativet. Det vert i det faglege grunnlaget lagt til grunn at alle køyretøy får 50 pst. rabatt på bompengane med forskotsavtale og AutoPASS-ferjekort.

## **Bompengeavgift med to takstgrupper**

Det er rekna på to takstgrupper, der takstgruppe 1 består av køyretøy til og med 3500 kilo samt personbilar i køyretøykategori M1 (bubilar og større personbilar) i Autosys. Takstgruppe 2 består av køyretøy frå 3500 kilo med unnatak av personbilar i køyretøykategori M1. I tillegg er det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy (til og med 3500 kilo) skal betale inntil halvparten av bompengetaksten til takstgruppe 1 etter rabatt. Takst- og rabattsystemet følgjer føresetnadene i Prop. 1 S Tillegg 2/Inst. 13 S (2015-2016). Køyretøy med autopassbrikke i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt og køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.

Det er rekna på eit spenn for bompengetakstar som i tabellen under. Takstgruppe 2 betalar to gonger taksten i takstgruppe 1.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Generell bompengetakst	39-45	78-90 kr
Bompengetakst nullutsleppskøyretøy	15-18	0 kr

## **Bompengeavgift med éi takstgruppe**

Det er mogeleg at bompengeordningar på ferjesamband vert endra av Stortinget, slik at alle køyretøy får den same bompengetaksten.

Dersom det ikkje vert lagt til grunn rabatt må ein ha ein bompengetakst på 38-50 kr for alle køyretøy for å sikre ein gjennomsnittleg inntekt per passering på 35-43 kr. Då legg ein til grunn at nullutsleppskøyretøy skal betale inntil 50 pst. av bompengetaksten.

Skal ein leggje til grunn at ferjekort og førehandsavtale med ferjeselskapet kan gje inntil 50 pst. i rabatt for alle køyretøy, må ein ha ein ha bompengetakstar mellom 67 og 83 kr for alle køyretøy.

### Bompengelånet – vurdering av usikkerheit ved SVV (side 6-7 i vedlegg 1):

Hordaland fylkeskommune garanterer for bompengelån. I Kvinnheradpakken legg ein til grunn ei ramme på 165 mill. kr i bompengebidraget. SVV er usikker på om ein framover får moglegheit for å auke gjennomsnittstaksten med 20 pst. og forlengje innkrevjingsperioden med inntil 5 år, slik det har vore vanleg fram til no.

Dersom ein ikkje får ha denne moglegheita i Kvinnheradpakken, må ein vurdere storleiken på bompengebidraget etter at innkrevjinga har starta opp. Det er lagt til grunn eit spenn for gjennomsnittstakst. Gjennom ekstern kvalitetssikring (KS2) av pakken vil ein lande på ein gjennomsnittstakst innanfor spennet som gjer nedbetalingsplanen.

SVV rekna inn «robuste føresetnader» for å sikra ramma på 165 mill kr. Dersom inntektene vert høgare og/eller rentene vert lågare enn føresett, kan bompengetaksten setjast ned eller nedbetalingstida reduserast. Det vil ikkje vera mogeleg å auke bompengebidraget.

### Prosjekta i Kvinnheradpakken og samferdselssatsinga i Kvinnherad

Viser til grundig utreiing i vedlegg 3.

Tabellen under viser prosjekta i samferdselssatsinga i kommunen.

Øvst er dei tre prosjekta utanom bompengesøknaden, totalt 90 mill kr.

Deretter kjem prosjekta i Kvinnheradpakken til 746 mill kr.

Summen av fylkesvegsatsinga i Kvinnherad er 836 mill kr.

Pri	Vegnr.	Prosjekt	Status	Kostnad 2018-kr
	Fv 48	Ny veg Lundssvingane	Ferdig bygd	40
	Fv 48	Kollektivtiltak Rosendal	Under bygging	38
		Kollektivtiltak Husnes	Tiltaket er regulert	12
Totalt, fylkesvegsprosjekt Kommunen er byggherre for				90
1	E39	Nytt ferjesamband mot Stord, planlegging	Kun planlegging, Interkommunal kommunedelplan under arbeid	5
2	Fv 551	Furebergfossen bru	Totalentreprise lyst ut	57
3A	Fv 551	Følgefontunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Tunnel Sunndal)	Manqlar reguleringsplan	350
3B	Fv 551	Følgefontunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Vegutbetring)	Manqlar reguleringsplan, truleg ikkje behov for plan	100
4	Fv 48	Herøysundet	Reguleringsplan venta godkjent hausten 2018	29
5		TS tiltak – generelt (punktutbetring)	Ikke trong for reguleringsplan	33
6	Fv 544	Sæbøvik – Eidsvik – Tofte	Delvis godkjent reguleringsplan	32
7	Fv 544/48	Opsanger – Porsvik	Delvis godkjent reguleringsplan	87
8	Fv 48	Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1	Reguleringsplan godkjent, behov for oppfrisking	45
9	Fv 551	Følgefontunnelen – Årsnes Byggetrinn 2	Kun midlar til planlegging,	8
Totalt, Kvinnheradpakken				746
Totalt fylkesvegsatsing i Kvinnherad				836

Kartet viser dei same prosjekta som i tabellen over. (Dei tre tiltaka utanom bompengesøknaden har lyseblå skrift).



### Prioritet 1: Nytt ferjesamband Stord – Kvinnherad, tilknytning E39, planmidlar

Hausten 2017 starta arbeidet med ein interkommunal plan for ferjesambandet. Det vert først gjennomført alternativ vurdering med silingsprosess før utforming av ein overordna plan tek til. Denne skal så vedtakast som kommunedelplan i kvar av dei to kommunane og seinare følgjast opp med reguleringsplanar for dei ulike delane av prosjektet. I dei innleiande rundar av planprosessen vert det vurdert alternative lokaliseringar av ferjekai i Kvinnherad både på nordre del av Halsnøy og i Sunde-området.

### Prioritet 2: Fv 551 Furebergfossen bru

Furebergfossen bru er rekna som det mest skredutsette punktet på fylkesvegnettet i Hordaland (skredfaktor på 5,5). Årsaka er steinsprang som kjem med vassføringa i fossen. Prosjektet vil rassikra vegstrekninga ved å bygge ny bru, som òg vil betre framkome på fv. 551. Ny bru skal byggjast lengre ut mot fjorden (ut frå skredutsett område) og vil få auka vegbreidde med asfaltert vegdekke. Brua vert 50 meter lang og prosjektet omfattar 310 meter veg med kopling til eksisterande vegnett. Det vert tilrettelagt med ei stopplomme for besøkjande. Reguleringsplanen var godkjent i 2017 og prosjektet vart lyst ut som totalentreprise hausten 2018.

Prosjektet er i hovudsak finansiert med skredsikringsmidlar og fylkeskommunale midlar, og skal fullfinansierast uavhengig av om bompengepakken vert vedteken i Stortinget. Prosjektet er med som delprosjekt på strekninga på fv. 551. Det å utbetre framkome og trafikktryggleiken på strekninga er viktig både for lokale og regionale interesser.

### Prioritet 3: Fv 551 strekninga Årsnes – Folgefonntunnelen

Fv. 551 er einaste inn- og utfartsruta i Kvinnherad kommune som går via fastlandet, og er ruta for ferjetrafikken mellom Årsnes, Jondal og Odda. Strekninga har ein viktig lokal og regional funksjon.

Terrenget fører til vanskelege køyreforhold og dårleg framkome, spesielt på Krokaparsellen. Her er det smal veg med dårleg kurvatur som skapar vanskelege siktforhold. Det er også ei svært skredutsett vegstrekning, med nedfall av stein/blokker og snøskred. Målet er å skredsikre vegstrekninga Folgefonntunnelen – Årsnes, og å betre trafikktryggleiken og framkome på heile strekninga.

3A: Tunell vest for Sunndal: I forprosjekt og fagleg tilråding ser ein for seg skredsikring av del av Krokalandet med kort tunell. Eit grovt kostnadsestimat i tidleg fase er sett til 350 mill. kr.

3B: Vegutbetring: På eksisterande veg, på begge sider av ny tunell, er det behov for mindre vegutbetringar, som å retta opp kurvatur og breiddeutvidingar. Utbetringane er tenkt tilpassa ei økonomisk ramme på 100 mill.kr. Eventuelle meirkostnader på 3A kan føre til at denne ramma vert redusert.

Det er ønskeleg å tilføra prosjektet ytterlegare midlar (skredsikringsmidlar og andre midlar) ut over det som er vist i dagens finansiering. Her er det sett av 350 mill. kr til tunell ved Sunndal og 100 mill. kr til vegutbetring.

For neste byggetrinn frå Furebergfossen til Årsnes ferjekai er det sett av planmidlar 8 mill. kr (prioritet 9).

### Prioritet 4: Fv 48 Herøysundet

I Herøysundet er det barneskule, barnehage og idrettsanlegg. Det er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Det manglar gang- og sykkelveg i eit område med busetnad på begge sider av veggen. Kollektivtilbodet er godt dekkja langs strekninga, men busslommer er utan universell utforming og har dårleg standard, elles er det kantstopp med uheldig plassering. Avkøyrslar til eigedommar er stort sett individuelle. Målet med prosjektet er å gje eit tilbod til mjuke trafikantar og betra trafikktrykkleiken på vegstrekninga. Prosjektet er inndelt i to byggetrinn, der byggetrinn 2 vert bygd om det er ledige midlar.

### Prioritet 5: TS-tiltak

Her er sett av ein pott til diverse TS-tiltak.

### Prioritet 6: Fv 544 Sæbøvik – Eidsvik – Tofte

På Halsnøy går gjennomgangstrafikken til ferjesambandet Skjersholmane – Ranavik og snøggåtruta langs fv. 544.

**Strekninga Sæbøvik – Eidsvik:** Denne delstrekninga av fv. 544 har låg vegstandard og er utan tilrettelegging for mjuke trafikantar. Målet er å auke vegstandard og leggje til rette for mjuke trafikantar. Dette skal gjerast ved å breiddeutvide vegbanen og byggje gang- og sykkelveg. Prosjektet har vedteken reguleringsplan frå 2008.

**Brekka på Tofte:** Aust for Sæbøvik sentrum er eit parti av fv. 544 med smal vegbreidde og bratt helling på 6-7 %. Vegstrekninga er kalla brekka på Tofte og byr på utfordringar relatert til framkome, trafikktryggleik og dårlege grunnforhold. Her er det tett busetnad langs fylkesvegen, og gjennomgangstrafikk til ferje og snøggå. Det har lenge vore eit ynskje å betre forholda for både mjuke og harde trafikantar. Enkelte trafikktryggleikstiltak er gjennomført, men grunnforholda har til no sett grenser for ytterlegare tiltak.

Fyrste tiltak er å gjere ytterlegare grunnundersøkingar. Dette er gjort i 2018. Vidare må det takast eit val om det er økonomisk mogleg å utbetre eksisterande veg, særskilt med omsyn til utfordringar knytt til grunnforholda. Om det er tenleg, skal vegen breiddeutvidast og kurvaturen rettast opp. Det bør leggjast til rette for mjuke trafikantar i form av fortau eller gang- og sykkelveg.

Eit anna alternativ er å flytte ferjeleiet frå Halsnøy, slik at gjennomgangstrafikken forsvinn og årsdøgntrafikken på vegstrekninga vert mindre.

Det er i dag avsett ei mindre løyving i pakken til planlegging. Løyvinga må aukast betrakteleg om pågåande grunnundersøking og forprosjekt viser at tiltak i brekka er tilrådeleg. Prosjektet medfører bygging av 550 meter ny veg med fortau, og har godkjend reguleringsplan frå 1997. I så fall kan prosjektet verta tilført midlar frå prosjekt med lågare prioritet.

### **Prioritet 7: Fv 48/544/43 Opsanger – Sunde kai – Porsvik**

Vegstrekninga mellom Opsanger og Porsvik omfattar fylkesvegane 48, 544 og 43, og er trafikkert av reisande til og frå Halsnøy, Husnes, Sunde og Sunde snøggåtkai. Vegstrekninga knyt saman tettstadane Husnes og Valen som begge har stor busetnad og er viktige arbeidsplassar i kommunen. Fv. 43 er tilkomstvegen til snøggåtkai på Sunde, men kan òg potensielt bli det nye ferjeleiet til Skjersholmanesambandet.

### **Prioritet 8: Fv 48 Sandvoll sentrum**

Vegstrekninga er ein del av fv. 48 på Sandvoll, sør i Kvinnherad kommune. Nord for Sandvoll industriområde ligg Handeland bru, ei flott steinkvelingsbru bygd i 1924. Brua er smal med dårleg rekkverk og er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Fylkesvegen er skuleveg, men delar av vegstrekninga manglar gang- og sykkelveg. Elles har vegstrekninga låg standard med dårleg kurvatur som fører til utfordrande siktforhold.

Målet med prosjektet er å leggja til rette for mjuke trafikantar, slik at skulevegen vert betra og trafikktryggleiken aukar. Det skal byggast gang- og sykkelveg på den strekninga som manglar, samstundes skal vegen utbetrast og avkøyrslar sanerast. Det skal byggjast ny bru med tilslutning til fylkesvegen. Eksisterande bru vert bevart som eit viktig kulturminne.

### **Prioritet 9: Fv 551 Folgefonntunnelen – Årsnes – byggetrinn 2**

Dette prosjektet er ei vidareføring av prosjekt 3B. I dette prosjektet vert det sett av planmidlar med tanke på ei framtidig utbygging av heile strekkja fv. 551 Folgefonntunnelen – Årsnes. Det er mellom anna naudsynt med ein ny Fureberg tunnel med to køyrefelt. Fureberg tunnelen vert i mellomtida rusta opp etter «*Tunnelsikkerhetsforskriften*».

## **Finansieringsplan og fylkeskommunalt bidrag til samferdselssatsinga i Kvinnherad**

Finansieringsplan for samferdselssatsinga i Kvinnherad og Kvinnheradpakken – med førebels fordeling av midlar på dei einiskilde prosjekta:

Finansieringsplan for fylkesvegsatsinga i Kvinnherad										
Pri	Vegnr.	Prosjekt	MVA komp KK	MVA komp HFK	HFK tilskot	HFK Rassikring	Bompengar	Kommunal tilskot KK	Komp arb. Avgift	Kostnad 2018-kr
	Fv 48	Ny veg Lundssvingane	6,3		10			3	20,3	40
	Fv 48	Kollektivtiltak Rosendal	7					31		38
		Kollektivtiltak Husnes	2		10					12
Totalt, fylkesvegprosjekt Kommunen er byggherre for			15	0	20	0	0	34	20	90
1	E39	Nytt ferjesamband mot Stord, planlegging		1	4					5
2	Fv 551	Furebergfossen bru		10		47				57
3A	Fv 551	Følgefonntunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Tunnel Sunndal)		60		260	30			350
3B	Fv 551	Følgefonntunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Vegutbetring)		18	61		21			100
4	Fv 48	Herøysundet		5			13	11		29
5		TS tiltak – generelt (punktutbetring), herunder Kallestadvegen		6	5		20	2		33
6	Fv 544	Sæbøvik – Eidsvik – Tofte		5			24	3		32
7	Fv 544/48	Opsanger – Porsvik		15			49	23		87
8	Fv 48	Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1		8			1	36		45
9	Fv 551	Følgefonntunnelen – Årsnes Byggetrinn 2		1			7			8
Totalt, Kvinnheradpakken			0	129	70	307	165	75	0	746
Totalt fylkesvegsatsing i Kvinnherad			15	129	90	307	165	109	20	836

Gjennom arbeidet med planlegginga har ein vurdert det fylkeskommunale bidraget. Dette må sjåast i samanheng med bidraget til andre bompengepakkar, og behova for den einskilde kommune så vel som behov for regionale og nasjonale samferdselsårer. Som kjent er det eit stort avvik mellom behov og midlar for fylkesvegar i Hordaland.

Etter tabellen over er utarbeidd, har ein fått inn tilbod og gjennomført byggherreoverslag på Furebergfossen bru. Dette ligg noko høgare enn dei 57 mill kr som står oppført i tabellen. Viser til vedlegg 1 der Statens vegvesen skriv: *Utbygging av fleire prosjekt vil kome i gang før ein får endeleg vedtak i Stortinget. For det fyrste byggeprosjektet, Furebergfossen bru, er det komen inn tilbod frå entreprenør. Prosjektet skal gjennomførast som ei totalentreprise og byggestart er venta i mars 2019. Tilbodet er om lag 12-15 mill. kr høgare enn kostnadsoverslag i denne pakken. Meirkostnadane må dekkast innfor kostnadsramma på 746 mill. kr for Kvinnheradpakken.*

## Styring av Kvinnheradpakken

Det vil bli etablert ei styringsgruppe med representantar frå Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Denne er tenkt oppretta før saka kjem til handsaming i Stortinget. Første prosjekt innafor pakken som skal byggjast er rassikringsprosjektet Fv 551 Furebergfossen bru. Anleggsstart vert tidleg i 2019.

## Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen er positiv til denne satsinga på fylkesvegtiltak i Kvinnherad. Kvinnherad har den nest-lengste antal kilometer fylkesveg i Hordaland, etter Bergen. Det er store behov for tilbod til mjuke trafikantar, trafikksikringstiltak, kollektivtiltak, vegutbetring, rassikring i tillegg til vedlikehald av vedlikehaldsetterslepet.

Fylkesrådmannen støttar opp om tilrådingane frå Statens vegvesen om prioritering av prosjekt, fastsetjing av takstar, trafikkgrunnlag, bompengeplegg og styring av Kvinnheradpakken som ligg til grunn i det faglege grunnlaget for bompengesaka.

Kvinnherad kommune bidreg med 109 mill kr i eigne midlar til fylkesvegane i kommunen. Såleis bør Hordaland fylkeskommune også strekkja seg langt i sitt bidrag. Private og næringslivet bidreg med

bompengar i tillegg til ferjekostnader. Fylkesrådmannen foreslår dermed 90 mill kr i reint fylkeskommunalt bidrag til satsinga i Kvinnherad. I tillegg til dette kjem meirverdiavgiftskompensasjon og rassikringsmidlar.

Som for andre bompengepakkar er det føresett at omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma. Dersom kostnadane for nokre prosjekt aukar, vil dette innebera at andre prosjekt må reduserast eller ikkje kan gjennomførast. Sidan pakken har ei prioritert liste med prosjekt, kan ein tilpassa utbygginga til tilgjengelege midlar.

Punkt 8 og 9 i forslag til innstilling fastset vilkåra for fylkeskommunal garanti etter dei retningslinjene som er gitt av departementet. Samla garantibeløp vert 191 mill. kr og garantien vert gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar.

## **Vedlegg**

Brev frå Statens vegvesen Region vest av 07.11.18 «Sak om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken – oversending til fylkeskommunal behandling» (vedlegg 1)

Kvinnheradpakken – fagleg grunnlag for delfinansiering med bompengar (vedlegg 2)

Kvinnheradpakken – utvida omtale av Kvinnheradpakken (vedlegg 3)

Kvinnherad kommune – protokoll kommunestyret 25.10.18 (vedlegg 4)

Stord kommune – protokoll frå formannskapet 07.11.18 (vedlegg 5)